

Referat frå regionmøte

Møtet vart halde på Nordsinni Menighetshus, Dokka, 15. januar 2014.

Styreleiar Håkon Gjelstad leia møtet og orienterte om saker frå OSG.

Sekretær Pål Kjorstad orienterte om rovviltsaker, svara på spørsmål og skreiv referat.
Medlem av valgnemnda, Tormod Gundersen orienterte frå valgnemnda.

Desse møtte:

| Namn | Lag, tillitsverv |
|------------------------|-----------------------------------|
| Håkon Gjelstad | Oppland Sau og Geit, leiar |
| Pål Kjorstad | Oppland Sau og Geit, sekretær |
| Tormod Gundersen | Oppland Sau og Geit, valgnemnda |
| Anita Røste | Fåberg Sau og Geit, sekretær |
| Steinar Lyshaug | Snertingdal Sau og Geit, leiar |
| Andris Kongslien | Austvang Sau og Geit, leiar |
| Anita Schjøll | Kolbu Sau og Geit, leiar |
| Rolf Marken Svien | Øye Beitelag, leiar |
| Halgeir Snuggerud | Vardal Beitelag, leiar |
| Arne Åsstuen | Vardal Sau og Geit, leiar |
| Bjørn Even Stenberg | Vestre Toten Sau og Geit, leiar |
| Arnfinn Beito | Øystre Slidre Sau og Geit, leiar |
| Ola Hellerud | Nordre Land Sau og Geit, sekretær |
| Frank T. Jakobsen | Vang Sau og Geit/Beitelag, leiar |
| Syver Nerødegård | Sør-Aurdal Sau og Geit, leiar |
| Karl Ole Egge | Hadeland Sau og Geit, leiar |
| Håkon Rogne | Biri Sau og Geit, leiar |
| Kjetil Fangen | Østre Toten Sau og Geit, leiar |
| Jon Olav Espeliødegård | Etnedal Sau og Geit, leiar |
| Øystein Stokke | Søndre Land, Sau og Geit, leiar |

Sakliste:

- 1. Åpning, namneopprop og velkome

Leiar i OSG Håkon Gjelstad åpna møtet. Han innleidde med å seia at hovudmålet med møtet for fylkeslaget var å få tilbakemeldingar frå lokallaga. Fylkeslaget kan lett informera nedover til lokallag, og gjer det med mailer, rundskriv og nettside. Innspel frå lokallag kjem, men ikkje frå så mange som vi ynskjer.

- **2. Saker frå lokallaga**

Kvart frammøtt lokallag fekk tid til eit innlegg om aktivitetane sine.

Etnedal Sau og Geit: Ullinnsamling, dialogmøte m/kommunen og møte med Sør-Aurdal Sau og Geit. Heldige så langt med lite rovviltskadar. Vil nå gjera eit arbeid for å få opp beredskapen i tilfelle noko skjer neste sommar. Har etablert ny lammering og synest dette var positivt for det lille miljøet.

Østre Toten Sau og Geit: Fagdagar, gjerding i utmarksbeite siste 4 åra – 2 år til så er dei ferdige att for denne gongen. Temakvelder heime hos leiar m/bl.a.fôring, avl etc. 10-12 medlemmar kjem alltid.

Biri Sau og Geit: Grilldag, saudag, busstur til Sør-Fron for å sjå på ulike sauehus. Gjerdeprosjektet ferdig organisert og planlagt – neste år planlagt oppstart med gjerding av 5 km.

Hadeland Sau og Geit: Vår- og haustmøter – fagmøter med ymse temaer som fôring, avl, helse på sauene. Laget er 50 år i 2014 – planlegger arrangement rundt dette i haust. Ulv for første gong i beitesesongen 2013.

Sør-Aurdal Sau og Geit: Tungt å driva lokallag der mange etter kvart har slutta grunna rovviltpåkomme. Mistar mange lam til gaupe i enkelte flokkar – litt mindre tap i 2013 enn i 2012. Vil gjerne ha større uttak av gaupe der den gjer skade.

Vang Sau og Geit: Ullinnsamling, nyregistrering av beitelaget, fagdag m/bl.a.kåring saman med Øystre Slidre og ny skillekve. Refererte til eir vellykka generasjonskifte.

Nordre Land Sau og Geit: Medlemstalet har gått opp, ullinnsamling, 2 medlemsmøter, stand på bygdedag på Dokka, kåring, møte omkring store lammetap/skader av ørn først i beitesesongen, 1 møte i rovviltnemnda lagt til Dokka, vil ha selektivt uttak av gauper – ta ut gauper som gjer skade først i jakta og har hatt kurs for nye kadaverhundekvipasjar.

Øystre Slidre Sau og Geit: Ktivt lag med gradvis med meir sau og unge brukarar. Arrangert sauedag m/kåring, gjetarhund, speedklipping og 110 til middag, 4 medlemsmøter med rovvilt som hovudtema, 1 besetning med store ulveskadar tidleg – vanskeleg sinking og sterke psykiske lidingar, faktura på 3 dagars tilsynsinnsats i verste ulvetida på kr. 150.000,- er «dekkja» med kr. 25.000,- av FM i Oppland – saka vert fulgt opp – dei har fått gode karakterar av Mattilsynet for innsatsen, redd for ulven i framtida, kritisk til at Odnes og Diserud med utspela sine omkring å trekka seg frå verva sine, ikkje gjer noko meir med det, 421 dagar tilsyn 2012 vart til 576 dagar i 2013, anka rovvilterstatninga i fjar og fekk erstatta alt utover normaltapet i år, løner seg å stå saman og sokja saman. Vi må kanskje starta med det i heile Oppland for at erstatninga til alle skal verta rettferdig. 7 småfebønder er ikkje medlem av laget i kommunen. Desse har vorte behandla som medlemmar før, men må frå 2014 verta medlemmar for å nyta medlemsgodene laget tilbyr.

Vestre Toten Sau og Geit: Ullevering, eige og oppjustert kåringsarrangement, litt auke i medlemstalet, tur og julebord saman med Vardal Sau og Geit.

Vardal Sau og Geit: Har brukta kadaverhund og søkerhund. Mykje gjerding – bruker elektrisk gjerde m/4 tråder – som står for alt frå sau til elg, beitelaget er nå organisert under Gjøvik Avløserlag.

Øye Sau og Geit: 1 styremøte og årsmøte, nye salsteinsautomatar, lite rovviltskadar, men fekk dokumentert tap grunna gaupe i haust.

Fåberg Sau og Geit: Ullinnsamling, tett samarbeid med Gausdal Sau og Geit, stort kåringsarrangement, vårmøte, haustmøte, fest, slit med rekruttering av nye inn i styret og har planer om datakurs/dataopplæring t.d. opp mot sauekontrollen.

Snertingdal Sau og Geit: Laget har hatt auke i medlemstalet, beitelaga organisert under Gjøvik avløserlag SA. Krevende tilsyn grunna mykje skog og lite vegar. Meiner det er bra med tett samarbeid mellom faglaga og «Sau og Geit».

Austvang Sau og Geit: 4 beitelag i Vang, medlemmane i eit av laga er ikkje medlemmar i laget. Synsobservasjonar av 2 jerver i vår og spor i haust. Ulveangrep 8/6, fellingsløyve gjøve kl. 16.00, kl. 2 om natta kom ulven att på same staden, tok 2 nye lam og vart heldigvis skote av skadefellingslaget. Erfaring med at ulven kjem att i same flokken, eit mønster ein kan læra til neste gong det skjer.

Kolbu Sau og Geit: Årsmøte, styremøte, ull-levering, beitelaget vart organisert som forening, arrangert kåring og hatt vedlikehald av sperregjerder.

Søndre Land Sau og Geit: Leiaren er nybyrjar med sau og vart vald til leiar i laget. Har hatt ullsoteringskurs på mottaket på Gol, fagmøte med Nortura og veterinær. Bra med sosialt samvær.

- **3. Innspel til jordbruksforhandlingane 2014**

Det var før møtet kome skriftleg innspel frå Nordre Land:

«Etterskuddsvis tilskudd til påsettlam som er vinterforet, tellet som søknad i august for å vite at de har lam. Øke tilskudd til ferie og fritid. Øke beitetilskuddet i utmark. Det må følges opp vedtak fra rovdyrforliket! Det må hovedsakelig så langt det lar seg gjøre tas ut kvotedyr i de områder der disse gjør mest skade før man bare fyller kvoten et annet sted. Driftstilskudd til heltidssauebønder/gårdbrukere med mer enn et årsverk på lik linje som melkebønder. Dette for å få alle som prøver å overleve og produserer mat, til å fortsette til neste generasjon overtar».

Lyshaug: Ber om at vi markerar oss før forhandlingane. Bondelaget har ein beredskapsplan. Kva er planen i Sau og Geit? Aksjonar?

Nerødegård: Grensa for dyr med størst sats bør aukast.

Stokke: Nå eller aldri, samarbeid mellom faglaga er avgjerande.

Lyshaug: Skolering av dei som styrer oss? Eks. landbrukspolitiske talsmann i Høgre.

Stokke: Fleire må ta direkte kontakt med departement og myndigheter.

Nerødegård: Listhaug er bra – ho skal ta ut ulv!

Beito: Felles uttale frå NB, NBS og NSG.

Hellerud: Det er eliten som styrer landet. Statssekretær fin jobb å ha på cv for seinare klatring. Kan ikkje venta at alle desse har fagleg tyngde og kunnskap dessverre.

Gunderstuen: Regjeringa må tenkja lenger og vera meire oppteke av å sikra og auka norsk matproduksjon. Ikkje sikkert ein kan kjøpa alt i framtida.

Stenberg: Tilskot på påsettlam.

Jacobsen: Meinte at slaktetilskotet gjorde det meire attraktiv og føra fram smålamma.

Rogne: Spanande vår, må prioritera markedsordninga. Best tenkjelege er å få behalda det vi har, fare for lågare kornpris og dermed meire grasbasert produksjon i korndistrikta.

- **4. Orientering fra valgnemnda**

Tormod Gunderstuen frå valgnemnda orienterte. Han sa at valget både var ein geografisk og personavhengig kabel å få til å gå opp. Valgkomiteen hadde fått inn nokre innspel frå før.

Innspel på møtet:

Håkon Gjelstad og Bjørn Even Stenberg: Forslag på Arnfinn Beito inn i styret i OSG.

Øystein Stokke: Forslag på Bjørn Even Stenberg inn i styret i OSG.

Tormod Gunderstuen: Anne Terningen var spurt, men takka nei, ho kunne stilla som varamedlem som før, men ikkje som styremedlem.

- **5. Saker frå fylkeslaget – spørsmål/diskusjon.**

Håkon Gjelstad orienterte frå fylkeslaget, Pål Kjorstad orienterte om rovviltsaker, jmf. vedlagt pdf-dokument. Både svara på spørsmål som kom opp.

Arnfinn Beito presiserte at alle måtte søkja om erstatning og anka dersom dei ikkje fekk det dei hadde rettmessig krav på. Medlemmar av beitelag og lokallag vart oppfordra til å samarbeida. OSG vart utfordra på at fylkeslaget skulle samanstilla og sjå til at alle vart behandla rettferdig.

Takk til Anne Terningen og Edin Rosenberg som hjelpte til med servering, rydding og oppvask.

Nordsinni, 15/1 2014

Pål Kjorstad, sekretær